

Stein Dons Heinfjell
Skraneveggen 50
5252 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2841 - 23/28891

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
17.04.2023

Ber om dokumentasjon på melding om revet hytte på gbnr 132/19


Viser til innsendt mld om hytte som har falt ned/ er revet.

Meldinga har vore vurdert av plan og byggesaksavdelinga, som har kome med denne vurderinga:

"Vurdering av om tiltaket krev søknad og løyve etter plan- og bygningslova

Vi kan ikkje finna nokon opplysningar om eigedomen i kommunen sitt arkiv. Eigedomen vart oppretta i 1946 og det går fram av ortofoto frå 1966 at det står ein liten fritidsbustad og eit anna mindre bygg på eigedomen. Det er ikkje mogleg å sjå bygget på seinare ortofoto.

Ortofoto 1966



Riving av fritidsbustad er i utgangspunktet eit søknadspliktig tiltak, jf. pbl § 20-1. Kva som eigentleg har skjedd her, om fritidsbustaden har falt ned i sin heilskap og/eller blitt heilt eller delvis riven, er usikkert. Viss bygget har forfalt og falt ned for mange år sidan vil ein kanskje ikkje i dag krevja søknad og løyve, men vurderer at bygget utan vidare behandling etter plan- og bygningslova kan bli registrert som riven i matrikkelen.

Uansett er det vår vurdering at det vert dokumentert at bygget er fjerna ved innsending av biletdokumentasjon som viser dagens situasjon og at det også vert send inn bilete, dersom mogleg, som viser storleik og utforming av bygget som stod der, før bygningsopplysningar i matrikkelen vert endra. "

Me ber difor om at de sender inn bilete av tomta/ ruin, og informasjon / dokumentasjon på bygget som har vore der, dersom dette er råd å få tak i.

Då tinglyst eigar er død er det fint om de oppgir navn og ev. kontaktinformasjon for også den omtala "andre eigaren", slik at kommunen kan senda melding om utført riving til begge aktuelle eigarar.

De kan svara og senda inn bilet til underteikna si e-postadresse, eller til post@alver.kommune.no Ref til sak 23/2841.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stein Dons Heinfjell

Skranevegen 50

5252

SØREIDGREND